



Aust-Agder Nei til EU

Årsberetning 2023

Styret har i meldingsåret bestått av:

Leiar: Olav Lidtveit

Nestleiar/skrivar: Helge Thorbjørnsen

Kasserer: Olaf Bakke

Styremedlemmer:

Ingunn Kile, Ingrid Skårmo og Janniche Model Røhmen

Vara: Tor Tveide, Gunhilde Langerud og Jarle Brandsdal

ÅRSMØTE 2023

Årsmøte for 2022 vart halde den 6.juni kl.18:00 på Kokkeklassen, vesterveien 134, Hisøy i Arendal. Det var 17 medlemmer med røysterett som møtte. Frå sentralleiinga i Nei til EU møtte leiaren, Einar Frogner som orienterte om den politiske og organisatoriske situasjonen. Frå Ungdom mot EU hadde vi vitjing av leiaren for Ungdom mot EU, Kim Hamre som orienterte om ungdomsarbeidet i organisasjonen.

STYRETS ARBEID I 2023

Det er i kalenderåret 2013 halde 9 styremøte. Det er handsama 38 sakeri tillegg til dei faste sakene.

I tillegg til dei ordinære styremøta i 2023 vart det innkalla til fylkesrådsmøte den 25 oktober 2023. På grunn av skifte av kasserar var det ikkje mogeleg å leggje fram revidert rekneskap før årsmøtet. Rådsmøtet godkjende rekneskapen, som var revidert av Oddvar Støle.

Utanom styremøta har styremedlemene kontakt med kvarandre på telefon og mail, og har eit godt internt samarbeid. Dei fleste av styremøta vert haldne på Landbrukets hus på Stoa i Arendal. Det er gode lokale som høver godt til vår verksemd. Me er svert takksame for at me får lov til å vere der. Me har også god kontakt med Vest-Agder nei til EU, både på mail og telefon. Det er vorte tradisjon å ha eit felles jolemøte i saman med Vest-Agder, der menyen sjølsagt er jolegraut. Me diskuterer også fellestilak som til dømes Arendalsuka og Dyrskuen i Lyngdal. Denne gongen var det Aust-Agder sin tur til å vere vertskap. Me var så heldige å få låne lokale på Kokkeklassen på Hisøy i Arendal.

ARRANGEMENT

2023 vart eit aktivt år der me deltok med stand på Landbrukets dag på Evje -Arendalsuka-Dyrskuen i Lyngdal og Dølemomarknaden. Dette er store arrangement som krev mykje mannskap, organisering og resursar.

Me meiner likevel at det er viktig å syne at me er ein aktiv organisasjon og at Nei rørsle framleis er levande og klar til å ta kampen opp for eit fritt land, folkestyre og demokrati. Det er også ein fin stad å møte folk og informere om kva me står for og å dele ut materiell, og ikkje minst verve nye medlemmer.

Aust-Agder nei til EU, har også i 2023 delteke på sentrale rådsmøte og leiarmøte i regi av leiinga i Nei til EU. Nokre av desse møta var "fysiske" møte medan andre var nettmøte.

ORGANISATORISKE SAKER.

På grunn av økonomiske og organisatoriske årsaker er ein del oppgåver lagde på fylkeslaga, som til dømes medlemsregistrering. Desse organisatoriske endringane ser ut til å fungerer bra, og det er framleis god hjelp og kontakt med sentralleiinga i Oslo. Endringar i sentralorganisasjonen er ein stendig pågåande prosess som vil medføre endringar i oppgåver mellom sentral administrasjonen og fylkeslaga.

Rekneskapsføringa for Aust-Agder nei til EU, vert utført av Landbrukets Regnskapskontor Skrubbedalsveien 5. Stoa Arendal. Dette høver godt for oss, i og med at me har dei fleste av styremøta våre i same bygningen.

MEDLEMSUTVIKLING.

Den 31/ 12 – 23 hadde Aust - Agder nei til EU 491 betalende medlemmer, og 81 hadde ikkje betalt. I alt er det 572 medlemmer i systemet. Den 4/ 3 syner tala at 376 er registrert som betalt. 185 er registrert som ikkje betalt, og 561 totalt antal medlemmer. Her kan det vere nokre som har betalt, men ikkje blitt oppdatert i systemet. Dette skulle likevel tyde på at me har mist 10 medlemmer. Medlemstalet har synt seg å variere over åra og ser ut til å endre seg i høve til kva saker som folk er opptekne av. Verving av nye medlemmer er svært viktig både av økonomiske grunnar og ikkje minst av den politiske tyngde eit stort medlemstal gjev.

UNGDOM / STUDENTAR MOT EU

I 2023 vart det stifta eit nytt ungdomslag i Agder. Det må vere den gledlegaste hendinga for oss på lang tid. Då me no er eit fylke, men to fylkeslag har dette blitt løyst ved at to representantar frå ungdomslaget møter fast på styremøta våre. Dei er aktive og bidreg positivt til arbeidet vårt, og ikkje minst i arbeidet med å få med ungdom i organisasjonen vår.

KONTAKT MED LOKALLAGA

Aust-Agder nei til EU, har medlemmer eller kontaktpersonar i dei fleste kommunar i det tidlegare Aust-Agder fylke. Dei fleste lokallaga er no registrerte som passive lokallag, og har ikkje hatt årsmøte eller anna aktivitet på fleire år, bortsett frå lokallaget i Arendal.

KAMPANJESAKER I NEI TIL EU.

Den viktigaste saka for oss er kampen for å få Noreg ut av EØS avtalen. Den saka som det også er arbeid mykje med er den sokalla ACER saka. Dette er ein avtale med EU som har ført til at straumprisane har auka kraftig, og skapt økonomiske vanskar både for privatpersonar og bedrifter, ja endåtil ført til konkursar og nedlegging av arbeidsplassar. Nei til EU gjekk til rettsak mot staten fordi me meinte at dette var ei sak som motte vedtakast med meir enn vaneleg fleirtal i Stortinget. Dette er ei sak som har gått i rettsystemet over fleire år, og som til sist fekk sin endelege dom i Høgsterett, der me diverre ikkje vann fram. Dette betyr likevel ikkje at me har gjeve opp kampen for nasjonal og demokratisk styring av straumen og naturressursane våre.

POLITISKE VURDERINGAR.

So langt i denne stortingsperioden ser det ut som den sokalla Hurdalsplattformen, koalisjonen mellom Senterpartiet og Arbeiderpartiet, har greidd å halde saman. Likevel kan det vere grunn til å tru at det ikkje har vore utan vanskar å halde saman ein koalisjon mellom eit ja til EU og eit nei til EU parti. Ein vil tru at ACER saka og EØS avtalen har vore kjenslevare saker i denne samanheng, Det er sagt tydeleg frå Senterpartiet, at ei innføring av energipakke 4 ikkje er aktuelt. Kva konsekvensar dette får står att å sjå. Det er framleis halvtanna år att av denne stortingsperioden, så desse sakene kan nok framleis skape vanskar. I 2025 er det val på nytt Storting. Då skal "korta delast ut på nytt", og det vert interresant å sjå kva parti som vert sitjande att med "det lengste strået" når alle røystene er talde, og ikkje minst kva koalisjonar det vil bli. Etter dei siste meiningsmålingane er det grunn til å tru at det vert regjeringsskifte, og at Høgre kjem til å danne regjering. Om Høgre kan danne regjering åleine er nok ikkje sikkert, men spørsmålet vil isofall bli: kven skal dei gå i samarbeid med? Som me har sett i media så har FRP føreslege ein koalisjon med Høgre. Ein kan i den samanheng spørje seg om me isofall vil få ein ny koalisjon mellom eit ja til EUparti og eit nei til EUparti i og med at frp reknar seg som eit nei parti. Det finst mange andre moglege koalisjonar, men det kjem sjølv sagt an på valresultatet og dei forhandlingane som må kome etter valet. Ein ting må vere sikkert og det er at kampen vår for eit fritt og demokratisk folkestyre utanfor EU og EØS skal halde fram.

For styret

Olav Lidtveit

Leiar